



# Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet

**Møtedato:** 29.-30.01.2024  
**Møtestad:** Skinnarbu hotell  
**Møte:** Møte var del oppstartsamling for villreinnemnder i regi av Miljødirektoratet. Varamedlemmer var med på møte, men hadde ikkje stemmerett.  
**Tidsbruk:** 6+6 timar  
**Førebuingstid** 3 timar

<b>Møtedeltakarar</b>	
Astrid Reiestad Førli	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Gudny Anette Lofthus	
Halvor Nyland	
Janne Nøkland Haddeland	
Johan Michael Malm	
Kai Åge Kristiansen	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	
Liv Irene Mandt Lindvig	
Roger Thorsland	
Sigmund Alfson Trydal	
Stein Ivar Sinnes	
Vibeke Kaalhaug	
Iren Klungtveit Slagstad	

<b>Følgjande varamedlemmar møtte</b>	
Geir Arild Djuve	
John Garvik	
Mabel Oddny Nesset	
Ståle Halsne	
Tore Metveit	
Tove Bringsvær	
Åse Ingebjørg Flateland	

<b>Andre:</b>
Therese Ramberg Sivertsen, Statsforvaltaren i Agder
Knut Oddvar Nes

**Møtesekretær:**

Jarle Lunde

**Saksliste**

<b>Saksnummer</b>	<b>Sakstittel</b>	
001/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/24	Val av leiar, nestleiar og arbeidsutval	
003/24	Meldingar	
004/24	Delegasjonssaker	
005/24	Forslag til delegasjonsreglement	
006/24	Endring av vald «2201V0017 Bykle SR16»	
007/24	Forslag til møteplan for 2024	
008/24	Eventuelt	

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/114

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Sand, 01.02.2024

## **29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet**

### **Handsaming:**

Det blei foreslått å godkjenne innkalling og sakliste slik ho ligg føre, men i tillegg å ta inn ei ny sak i saklista: 008/24 Eventuelt.

Samrøystes vedtak

### **VRN - 001/24 Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjend slik ho ligg føre, men i tillegg å ta inn ei ny sak i saklista: 008/24 Eventuelt.

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jarle Lunde	K3-&17	24/111

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
002/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Val av leiar, nestleiar og arbeidsutval

### Forslag til vedtak

Saka blir fremma utan forslag til vedtak.

Sekretariatet føreslår at ein opprette ein hurtigarbeidande valkomité som får i oppdrag å leggje fram forslag til leiar og nestleiar, samt eit arbeidsutval og varamedlemmer. Leiar og nestleiar må vere del av AU.

	Namn	Kommune	Villreinområde
Leiar			
Nestleiar			
AU medlem			
AU medlem			
AU medlem			
1. vara			
2. vara			
3. vara			

Sand, 01.02.2024

## Saka

Etter hjorteviltforskrifta § 21 skal nemnda sjølv velje leiar og nestleiar.

I vår nemnd har det også vore val av eit arbeidsutval (AU). Dette av både praktiske og økonomiske grunnar. AU har bestått av leiar, nestleiar og tre medlemmer. I tillegg kjem tre varamedlemmer. Fordeling av arbeidsoppgåver mellom nemnda og AU går fram av delegasjonsreglementet.

I førre periode var verva fordelt slik etter vedtak i sak 01/2020:

Leiar	Knut Hagen	Valle kommune	Setesdal Austhei/Setesdal Ryfylke
Nestleiar	Lill Laugaland	Hjelmeland kommune	Setesdal Ryfylke
AU	Bertin Bjåen	Vinje kommune	Setesdal Austhei/Setesdal Ryfylke
AU	Margareth Gjose Larsen	Sandnes kommune	Setesdal Ryfylke
AU	Ole Henrik Skindalen	Kviteseid kommune	Våmur-Roan
1. vara	Torbjørn Fjermestad	Gjesdal kommune	Setesdal Ryfylke
2. vara	Irene Klungtveit Slagstad	Suldal kommune	Setesdal Austhei/Setesdal Ryfylke
3. vara	Janne Nøklund Haddeland	Hægebostad kommune	Setesdal Ryfylke

Etter at to av medlemmane blei friteke sine politisk verv i perioden besto AU etterkvart av følgjande

Leiar	Knut Hagen	Valle kommune	Setesdal Austhei/Setesdal Ryfylke
Nestleiar	Lill Laugaland	Hjelmeland kommune	Setesdal Ryfylke
AU	Bertin Bjåen	Vinje kommune	Setesdal Austhei/Setesdal Ryfylke
AU	Torbjørn Fjermestad	Gjesdal kommune	Setesdal Ryfylke
AU	Anette Surtevju	Tokke kommune	Setesdal Austhei/
1. vara	Irene Klungtveit Slagstad	Suldal kommune	Setesdal Austhei/Setesdal Ryfylke
2. vara	Janne Nøklund Haddeland	Hægebostad kommune	Setesdal Ryfylke
3.vara	Geir Håland Moe	Åmli kommune	Setesdal Austhei

## Vurdering

Ordninga med arbeidsutval (AU) har etter sekretæren si meining fungert godt og rår til å veljast på ny. Om arbeidet skal følgja tidlegare mal har ei samla villreinnemnd to møter i året, eit om våren og eit om hausten. AU har blitt kalla inn etter behov (7 møter i 2023). I seinare år har desse møta stort sett vore på Teams, men og som e-postmøte når dette har vore praktisk.

På første dag av oppstartssamlinga er det lagt opp til ein presentasjon av medlemmene i villreinnemnda og diskusjon omkring arbeidet som skal utførast. Sekretariatet føreslår at ein her opprette ein hurtigarbeidande valkomité som får i oppdrag å leggje fram forslag til leiar, nestleiar, arbeidsutval og varamedlemmer.

## 29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

### Handsaming:

Eit felles forslag til vedtak blei lagt fram av Bertin Bjåen, Astrid Reiestad Førli og Janne Nøklund Haddeland:

Leiar	Knut Hagen
Nestleiar	Lill Laugaland
AU medlem	Bertin Bjåen
AU medlem	Laila Espedal
AU medlem	Elin Ringhus
1. vara	Roger Thorsland
2. vara	Iren Klungtveit Slagstad
3. vara	Halvor Nyland

Røysting:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

### VRN - 002/24 Vedtak:

Leiar	Knut Hagen
Nestleiar	Lill Laugaland
AU medlem	Bertin Bjåen
AU medlem	Laila Espedal
AU medlem	Elin Ringhus
1. vara	Roger Thorsland
2. vara	Iren Klungtveit Slagstad
3. vara	Halvor Nyland

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/114

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Meldingar

Sand, 01.02.2024



**Underliggende saker:**

<b>Saksnummer.</b>	<b>Tittel</b>
1	Beslutning om merking av villrein, elg og hjort på Hardangervidda og omegn i 2024
2	Anbefalinger for bestandsforvaltningen for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke i forbindelse med nye bestandsplaner

**29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet****Handsaming:**

Ingen merknad  
Samrøystes

**VRN - 003/24 Vedtak:**

Sakene blir tekne til vitande.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/114

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Delegasjonssaker

Sakene vert tekne til vitande.

Sand, 01.02.2024

**Underliggende saker:**

<b>Saksnummer.</b>	<b>Tittel</b>
001/24	Angående ønske om p-plass ved overgang mellom øvre og nedre Langeidvatn, Vinje kommune
002/24	Førehandsuttale - deling av hyttetomt , gbnr 10/14 Fyresdal kommune
004/24	Førehandsuttale - frådelling av driftshytte, gbnr 5/7 Fyresdal kommune
003/24	Uttale til søknad om forlenga byggefrist for overføring Daladalen - Lyngsvatn i Sandnes og Hjelmeland kommunar

**29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet****Handsaming:**

Ingen merknad  
Samrøystes vedtak

**VRN - 004/24 Vedtak:**

Sakene vert tekne til vitande.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K3-&17	24/111

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Forslag til delegasjonsreglement

### Forslag til vedtak

Delegasjonsreglement for villreinnemnda 2024-2027

#### Nemnd

- Vedtek av årleg kvote/avskytingsplan før 1.mai
- Vedtek bestandsplanar
- Gir retningslinjer for vedtak i arbeidsutval og anna arbeid i nemnda, blant anna om eventuell utvida jakttid
- Innspel til Statsforvaltar om årleg budsjett og bruk/fordeling av fellingsavgift
- Uttalar til relevante plan- og arealsaker når uttalefrist samstemmer med planlagde møte

#### Arbeidsutval

- Uttale til relevante plan- og arealsaker, men med unntak for lokale byggesaker/dispensasjonssaker. Lokal representant vert rådspurd.
- Uttale til omfattande detaljplan eller miljø-, transport- og anleggsplan (MTA)
- Vedtak i saker som gjeld oppretting eller endring av vald.
- Innstilling i saker til nemnda

#### Leiar, lokal representant og sekretær

- Uttale til lokale byggesaker/dispensasjonssaker i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein etter grenser i Heiplanen. Dersom det er usemje om foreslått uttale blir saka lagt fram for arbeidsutvalet.
- Uttale til mindre omfattande detaljplan eller miljø-, transport- og anleggsplan (MTA)

#### Sekretær

- Saman med leiar
  - sørge for saksførebuing, organisering og innkalling til møter i villreinnemnda
  - vurdere kva saker som skal prioriterast
- Oppfølging av vedtak i villreinnemnda
- Innsamling av fellingsrapportar og rapportering i hjorteviltregisteret
- Kontakt/dialog med Statsforvaltar, Miljødirektoratet, Statens naturoppsyn, Norsk villreinsenter, villreinlaga og andre aktørar i tilknytning til villrein fjellet.

Alle uttalar blir lagt fram som delegasjonssaker i førstkommande møte i arbeidsutval eller i samla nemnd.

Sand, 01.02.2024

## Saka

I dei siste valperiodane har nemnda styrt etter eit delegasjonsreglement lagt til grunn for arbeidet. I førre var denne slik:

### Delegasjonsreglement for villreinnemnda 2020-2023

#### Nemnd

- Vedtek årleg kvote/avskytingsplan
- Vedtek bestandsplanar
- Årleg budsjett
- Bruk og fordeling av fellingsavgift
- Gir retningslinjer for vedtak i arbeidsutval og anna arbeid i nemnda, blant anna om utvida jakttid

#### Arbeidsutval

- Uttale til arealsaker i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein etter grenser i Heiplanen, men med unnatak for byggesaker/dispensasjonssaker. Lokal representant vert rådspurd.
- Vedtak i saker som gjeld oppretting eller endring av vald.
- Innstilling i saker til nemnda

Nemnda vert sendt kopi av alle vedtak/uttalar.

#### Leiar og lokal representant

- Uttale til lokale byggesaker/dispensasjonssaker i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein etter grenser i Heiplanen. Dersom usemje går saka til arbeidsutvalet.

Uttalar blir lagt fram som meldingssaker i førstkommande møte i arbeidsutval eller nemnd.

#### Sekretær

- Saman med leiar sørgje for saksførebuing, organisering og innkalling til møter i nemnda
- Vurdere areal og byggesaker i villreinområde som ligg i bygdeutviklingssona. Desse sakene er normalt avklart i forhold til villrein
- Innsamling av fellingsrapportar og rapportering i hjorteviltregisteret
- Kontakt med Fylkesmann, Miljødirektoratet, Norsk villreinsenter, villreinlaga og andre aktørar

## Vurdering

Erfaringa med delegasjonsreglementet har vore god og bør i all hovudsak følgast vidare som før. For å kunne halde seg til uttalefristar og få til ein effektiv saksflyt har det vore naudsynt med eit arbeidsutval (AU). Ein konsekvens av dette er at resten av villreinnemnda vert mindre involvert i den «daglege drifta». Det er derfor viktig å involvere lokal nemndsmedlem i saker som gjeld sin kommune. Dette er viktig for å få lokalkunnskap i saker, samt å få engasjert ein større del av nemnda i ulike saker.

Uttalar til byggesaker/dispensasjonssaker i kommunane er ei viktig oppgåve. Før 2020 var dette delegert til leiar og sekretær, men at lokal representant blei rådspurd. I førre periode blei dette endra til at sekretær utarbeida forslag til uttale, og at leiar og lokal representant underteikna denne. Dersom det ikkje var semje om ein uttale, blei saka lagt fram for arbeidsutvalet. Når det var aktuelt å klage på eit vedtak, blei dette lagt fram for AU. Denne praksisen blir lagt fram i forslag til nytt delegasjonsreglement.

I seinare år har det vore mykje anleggsverksemd i villreinområda i samband med vedlikehald eller utviding av ulike anlegg i kraftsektoren. Nemnda har då uttalt seg til detaljplan eller

miljø-, transport- og anleggsplan (MTA). I førre periode har desse sakene blitt behandla dels av arbeidsutvalet og dels av leiar og lokal representant.

Det er venta fleire slike saker i kommande periode. Det blir foreslått at enkle saker der arbeid/inngrep i stor grad er i ein kommune blir behandla av leiar og lokal representant. I meir komplekse saker blir det foreslått at desse blir behandla av arbeidsutvalet.

«Årleg budsjett» og «Bruk og fordeling av fellingsavgift» er som tidlegare sett opp som saker for nemnda. I praksis har dette vore behandla av Statsforvaltaren i Agder, og blitt informert om på vår- og haustmøte. Nemnda har då kunne komme med innspel.

Den administrative ressursen til villreinnemnda er knapp (sekretærressursen utgjer omlag 25%). Det er derfor viktig å prioritere kva saker nemnda skal gi uttalar til og engasjere seg i. Nemnda har til dømes i liten grad gitt uttale til saker i verneområdestyre (gitt uttale til prinsipielle eller viktige villreinsaker). Det er også saker som blir tilsendt nemnda til uttale som har liten eller ingen betydning for villreininteressene. Kva saker ein gir uttale til må derfor silast. Dette må vurderast kontinuerleg av leiar og sekretær.

## **29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet**

### **Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga

### **VRN - 005/24 Vedtak:**

Delegasjonsreglement for villreinnemnda 2024-2027

#### Nemnd

- Vedtek av årleg kvote/avskytingsplan før 1.mai
- Vedtek bestandsplanar
- Gir retningslinjer for vedtak i arbeidsutval og anna arbeid i nemnda, blant anna om eventuell utvida jakttid
- Innspel til Statsforvaltar om årleg budsjett og bruk/fordeling av fellingsavgift
- Uttalar til relevante plan- og arealsaker når uttalefrist samstemmer med planlagde møte

#### Arbeidsutval

- Uttale til relevante plan- og arealsaker, men med unntak for lokale byggesaker/dispensasjonssaker. Lokal representant vert rådspurd.
- Uttale til omfattande detaljplan eller miljø-, transport- og anleggsplan (MTA)
- Vedtak i saker som gjeld oppretting eller endring av vald.
- Innstilling i saker til nemnda

#### Leiar, lokal representant og sekretær

- Uttale til lokale byggesaker/dispensasjonssaker i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein etter grenser i Heiplanen. Dersom det er usemje om foreslått uttale blir saka lagt fram for arbeidsutvalet.
- Uttale til mindre omfattande detaljplan eller miljø-, transport- og anleggsplan (MTA)

#### Sekretær

- Saman med leiar
  - sørge for saksførebuing, organisering og innkalling til møter i villreinnemnda
  - vurdere kva saker som skal prioriterast
- Oppfølging av vedtak i villreinnemnda
- Innsamling av fellingsrapportar og rapportering i hjorteviltregisteret
- Kontakt/dialog med Statsforvaltar, Miljødirektoratet, Statens naturoppsyn, Norsk villreinsenter, villreinlaga og andre aktørar i tilknytning til villreinfjellet.

Alle uttalar blir lagt fram som delegasjonssaker i førstkommende møte i arbeidsutval eller i samla nemnd.



# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	23/1512

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Endring av vald «2201V0017 Bykle SR16»

### Forslag til vedtak

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 23, 24, 25 og 26 godkjenner villreinnemnda endring av valdet 2201V0017 Bykle SR16. Nytt teljande areal blir endra frå 13316 til 24140 dekar.

Sand, 01.02.2024



**Vedlegg:**

Søknad om endra areal for reinjakt Bykle bygdehei  
Søknad vedr. areal for rein i Bygdeheii  
Jaktarealer Bykle. Kart over areal for rein

**Bakgrunnsdokument**

- Forskrift om forvaltning av hjortevilt

**Saka**

I sak 11/2022 vedtok Villreinnemnda ei oppdatering og godkjenning av alle vald i Setesdal Ryfylke villreinområde, deriblant valdet «Bykle SR16» med eit teljande areal på 13316 dekar.

Teljande areal for valdet blei redusert betydeleg under oppdateringa noko som har gitt færre fellingsløyve i eit sentralt villreinområde. Det har blitt reagert på dette og vist til at teljande areal er større enn det som blei lagt til grunn i nemnda si behandling i 2022. Sekretariatet har anbefalt rettighetshaverne ved valdansvarleg å komme med ein ny oppdatert søknad. Denne blei mottatt 06.12.2023. Det blir søkt om å endre teljande areal til 23828 dekar.

**Vurdering**


I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 26 er det villreinnemnda som godkjenner vald og endringar i eksisterande vald.

§ 25 klargjer søknadsfrist og seier kva opplysningar ein søknad skal innehalda. Søknad er innafor frist (1.april) og oppfyller krav som er satt. Valdansvarleg har underteikna søknad som lovleg vald representant.

§ 23 og § 24 i forskrifta tar for seg kva krav som vert stilla for godkjenning av vald. Med bakgrunn i desse har villreinnemnda nytta følgjande kriteria for å komme fram til teljande areal for eit vald i Setesdal Ryfylke, bl a i sak 11/2022:

- Som yttergrense for teljande areal er biologisk leveområde for villreinen slik det blir lagt fram av Miljødirektoratet (naturbase).
- Vatn og isbre over 500 dekar skal ikkje reknast med
- Areal som er omdisponert til andre formål enn LNF-områder er ikkje godkjend som teljande villreinareal.
- Eit vald skal vere samanhengande

Oppgitt areal i denne saka som er i tråd med desse punkta bør derfor inngå i teljande areal. Ved oppmåling av arealet som er innafor leveområde til villreinen kjem sekretariatet fram til eit teljande areal på 24140 dekar. Dette er ørlite meir enn oppgitt i søknad. Ein mindre eigedom (14/20) midt i valdet er ikkje med i søknad og er ikkje medrekna i teljande areal.



Kart viser teljande areal. Området som er 0,17 km<sup>2</sup> er ikkje del av valdet.

## 29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

### Handsaming:

Det blei stilt spørsmål til om leveområdets yttergrense for villreinen generelt sett er nøyaktig nok som grense. I denne saka blei det vist til at eit grustak vil vere innafør teljande areal.

### Røysting

Samrøystes i samsvar med innstillinga

### VRN - 006/24 Vedtak:

I tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 23, 24, 25 og 26 godkjenner villreinnemnda endring av valdet 2201V0017 Bykle SR16. Nytt teljande areal blir endra frå 13316 til 24140 dekar.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K3-&17	24/111

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Forslag til møteplan for 2024

### Forslag til vedtak

Vårmøte i nemnda blir sett til 24.april. Stad: Sølvarden hotell i Valle kommune  
Haustmøte blir sett til 24.-25 oktober der Heiplansamlinga inngår. Stad: Hovdestøylen hotell, Bykle kommune.

Møte i arbeidsutval blir tidsett etter behov.

Eit vilkår er at budsjettramme er på nivå med tidlegare.

Sand, 01.02.2024

## Saksopplysningar

Budsjettramma for villreinnemnda for inneverande år er pr dags dato ikkje kjent. Ut frå tidlegare erfaringar er me innafor økonomisk ramme med to samlingar. I tråd med tidlegare praksis blir det derfor foreslått to møter i villreinnemnda i 2024 i tillegg til oppstartsmøte.

På vårmøte skal bestandsplan for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke behandlast. I tillegg skal kvoter for villreinjakta for alle dei tre villreinområda under nemnda bli vedteke. Jmfør Hjorteviltforskrifta må sistnemnde vedtak gjerast før 1. mai. For at villreinlaga skal få tid til eigne prosessar i samband med nemnde saker er det ein fordel at møte blir halde i siste halvdel av april.

Det blir foreslått at møte blir halde på Sølvarden hotell onsdag 24.april med felles middag kvelden før (også møte i arbeidsutvalet tysdag).

I seinare år har haustmøte vore lagt i tilknytning til Heiplansamlinga. Dette har vore fremma som positivt både frå arrangøren av samlinga og medlemmene i nemnda. Samlinga blir i år lagt til Hovdestøylen 24.-25. oktober.

Heiplansamlinga er ein årleg møtestad for regional- og lokalpolitikarar, fagfolk og andre som arbeider med Heiplanen. Samlinga er ein viktig arena for å diskutere og følgje opp intensjonane i Heiplanen.

Når det gjeld møter i arbeidsutvalet blir desse tidsett etter behov, alt etter saker og tidsfristar nemnda mottar.

### 29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

#### Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga

#### **VRN - 007/24 Vedtak:**

Vårmøte i nemnda blir sett til 24.april. Stad: Sølvarden hotell i Valle kommune

Haustmøte blir sett til 24.-25 oktober der Heiplansamlinga inngår. Stad: Hovdestøylen hotell, Bykle kommune.

Møte i arbeidsutval blir tidsett etter behov.

Eit vilkår er at budsjettramme er på nivå med tidlegare.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/114

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	29.01.2024

## Eventuelt

Sand, 01.02.2024

1. Val av representant til å underteikne protokoll

Janne Nøklund Haddeland blei valt til å skrive under møteprotokollen saman med leiar

2. Møtegodtgjering

- 6 + 6 timar for møte

- 3 timar for møteførebuing

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:

<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>

Det blir oppfordra til å sende inn honorarkrav i etterkant av kvart møte. Da får du betalinga raskare og den som skal halde oversikt over utgiftene får ei enklare oppgåve.

Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

Satser utvalg	2023	2024
Leder	685,00	721,00
Medlem	518,00	545,00
Møteforberedelser leder	518,00	545,00

### 29.01.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

#### Handsaming:

Samrøystes vedtak

#### VRN - 008/24 Vedtak:

1. Janne Nøklund Haddeland blei valt til å skrive under møteprotokollen saman med leiar
2. Møtegodtgjering
  - 6 + 6 timar for møte
  - 3 timar for møteførebuing